

*«Saman bygger vi kompetanse
for framtida»*

**Strategiplan for interkommunalt
samarbeid om barnehage, skule og
SFO på nordre Sunnmøre
2017-2025**



Innleiing:

Nordre Sunnmøre har eit barnehage- og skuleeigarnettverk med nært samarbeid både på person- og organisasjonsnivå. Ein sterk kultur for deling og kompetansebygging er eit vesentleg fundament for regionalt samarbeid. Dei barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane har ein felles arena for erfaringsutveksling og kompetanseutviklande tiltak. Det gjeld også utdanning, kurs, opplæring og samarbeid om store nasjonale satsingar.

Nordre Sunnmøre region i tal:


- 11 kommunar: Ålesund, Giske, Haram, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven, Sandøy
68 skular og 81 barnehagar (inkl. private skular og barnehagar)
1370 tilsette i skule og 1132 tilsette i barnehage

SR oppvekst sitt mandat:

Nettverket i Sunnmøre regionråd oppvekst skal legge til rette for kvalitetsutvikling, interkommunale kompetansetiltak og felles interkommunale satsingar og vere ein arena for erfaringsutveksling og dialog for barnehage, skule og SFO.

Samarbeid med UH-miljøa:

Ei prioritert oppgåve for SR-oppvekst er å skape gode samarbeid med UH-sektoren. Mellom anna for å tilby formell kompetanse til kommunane i tråd med nasjonale og fylkeskommunale retningslinjer.



Visjon: Saman bygger vi kompetanse for framtida

Organisering:

Styringsgruppe –
kommunalsjefar

Arbeidsutval m/1
kommunalsjef

Sunnmøre
regionråd oppvekst
(barnehage og
skule)

Ped.koor/Utv.rettl.

Ein føresetnad for å lykkast med godt regionssamarbeid er at ansvar og rollefordeling mellom dei ulike aktørane er avklart. Det vil og gi gode samarbeidsforhold. Figuren over viser dei ulike aktørane.

Styringsgruppe-Kommunalsjefar:

Styringsgruppa har eit overordna ansvar for å sikre at barn og unge får eit godt og trygt barnehage- og skulemiljø.

Styringsgruppa er sentrale aktørar i eit interkommunalt samarbeid om utvikling og gjennomføring av kompetansetiltak.

Sunnmøre regionråd oppvekst (barnehage og skule):

Dette er eit fora for både kommunalsjefar og rådgjevarar der ein deler erfaringar og strategiar og gjer vedtak for vidare arbeid i regionen.

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet har ansvar for å drifte nettverket med alt det inneber. AU har også ansvar for strategiplanar og handlingsplanar og følgje opp aktuelle saker.

Pedagogisk koordinator:

Pedagogisk koordinator er den som kallar inn til nettverk og har eit overordna ansvar for å følgje opp saker som er aktuelle etter avtale med nettverket.

Utviklingsretteleiar:

Utviklingsretteleiar skal følgje opp og støtte kommunar og skular i satsinga Ungdomssteg i utvikling etter intensjonar i strategi og grunnlagsdokument. Utviklingsretteleiar har særleg ansvar for ressurslærarane i satsinga og samarbeidet med høgskulen i Volda.

Samarbeidspartnarar:

UDIR

Fylkesmannen

Organisasjonar

UH-sektoren

KS

Utdanningsdirektoratet (UDIR):

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har det overordna ansvaret for kompetansestrategien, finansiere kompetansetiltaka og sørge for at dei blir gjort kjende for alle aktørar.

Fylkesmannen:

Fylkesmannen skal setje i verk og følgje opp dei statlege kompetanseutviklingstiltaka og sjå til at utviklingsarbeid og implementering av tiltak skjer i nær kontakt med kommune som barnehage- og skulemyndigheit, region, universitet/høgskular og andre relevante fagmiljø.

Organisasjonar:

Arbeidsgivarorganisasjonane skal gjere strategien kjend i eigen organisasjon og legge til rette for at dei tilsette i barnehage og skule kan delta i kompetanseutviklingstiltak.

Arbeidstakarorganisasjonane skal vere konstruktive samarbeidspartnarar i gjennomføringa av strategien.

UH-sektoren:

SR-oppvekst har eit godt og etablert samarbeid med NTNU og Høgskulen i Volda. Universitets- og høgskulesektoren (UH) skal, i tillegg til barnehage- og skulelærerutdanning, tilby gode etter- og vidareutdanningstilbod for alle tilsette i sektorane. Desse tilboda må spegle både nasjonale og lokale behov.

Overordna mål for samarbeidet i Sunnmøre regionråd oppvekst:

Nettverket i Sunnmøre regionråd skal legge til rette for kvalitetsutvikling og vere pådrivar for interkommunal kompetanseutvikling på alle nivå.

- Rekruttere og behalde leiarar, barnehagelærarar, lærarar og andre tilsette i barnehage, skule og SFO
- Koordinere samarbeid der kommunane har felles behov
- Vere ein arena for kompetanseutvikling og vere eit fora for drøftingar, erfaringsutveksling og felles læring
- Sjå heile utdanningsløpet under eitt for å skape ein heilskap i utviklingsarbeidet mellom kommunane
- Arbeide for at barn skal ha eit godt og inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Arbeide for at fleire elevar og lærlingar opplever meistring og gjennomfører vidaregåande opplæring



Prioriterte utviklingsområder for barnehage, skule og SFO.

1. Lærande organisasjonar.

- Støtte til implementering av lærande arbeidsformer i barnehage og skule
- Vidareutvikle kollektiv praksis
- Arbeide for kompetanseutvikling og erfaringsdeling i felles møtetid
- Leiarutvikling gjennom dialogkonferansar og nettverk for leiarar

2. Kompetanseutvikling og etter- og vidareutdanning


- «Kompetanse for framtidens barnehage»
- Kompetanse for kvalitet
- Digitalisering av arbeidet i barnehage, skule og SFO
- Erfaringsdeling mellom barnehage, skule og kommune

3. Arbeide for gode og inkluderande oppvekstmiljø

- Ha fokus på eit inkluderande og trygt miljø for trivsel, omsorg, lek, læring og danning
- Prioritere arbeidet med relasjonsbygging
- Førebygge, avdekke, identifisere og følgje opp utestenging, mobbingar og krenkingar

4. Sikre barns utvikling og læringsutbytte

- Ha fokus på å oppleve mestring gjennom pedagogisk arbeid i barnehage og skule
- Bygge opplæringa på skulen og barnehagen sitt verdigrunnlag
- Nytte ulike forskingsbaserte metodar for læring. Ha fokus på språk og kommunikasjon
- Tenke læring i tråd med framtida sine krav til dagens barn og unge, mellom anna med fokus på å utvikle digital kompetanse
- Tidleg innsats og fokus på utviklingspotensiala hos det enkelte barn



Arbeidsmåtar:

- Nytte nasjonale satsingar og strategiar for utviklingsarbeid i barnehage og skule
- Ha fokus på kompetanse for framtida
- Skape gode nettverk for samarbeid og samskaping
- Bidra til erfaringsutveksling og kompetanseutvikling mellom kommunane
- Samarbeide om å forankre og implementere Rammeplan for barnehage og Læreplan for skule i tillegg til andre sentrale fagplanar

Strukturendringar som vil påverke arbeidet:

- Digital transformasjon av samfunn, institusjonar og arbeidsmåtar
- Ny modell for tildeling av etterutdanningsmidlar
- Kommunestruktur, nye Ålesund



Kritiske suksessfaktorar for å lykkast med interkommunalt nettverkssamarbeid:

- Det regionale nettverket skal styrke den einskilde kommune sitt arbeid med å skape gode barnehagar og skular
- Nettverksmøta vert, der det er mogleg, lagt opp som lærande møter. Dei som representerer kommunane er budd i tråd med innkallinga og forpliktar seg til oppfølging i eigen kommune
- God kommunikasjon mellom alle nivå i kommune, representantar for barnehage og skule og med eksterne samarbeidspartnarar, UH sektoren og fylkesmannen
- Skape gode arenaer for samarbeid og samskaping utanom nettverksmøta i tråd med aktuelle satsingsområder

Ressursar

Strategiplanen er grunnlag for å søke ressursar frå fylkesmannen, KS og Utdanningsdirektoratet til samarbeid om kompetanseutvikling og innovasjon. Den viktigaste jobben med barnehage –og skuleutvikling skjer i dei aktuelle einingane. Men for å skape energi i utviklingsarbeid i barnehage og skule er det nødvendig å legge til rette for gode møteplassar, der ein får ny forskingsbasert kunnskap, kan dele erfaring og stake ut retning for arbeidet vidare i egen kommune, barnehage og skule. Til dette treng ein økonomiske midlar og fagleg kompetanse i nettverket.

Handlingsplan

Det skal utarbeidast eit forslag til handlingsplan kvart år for gjennomføring av aktuelle satsingar i regi av SR-oppvekst. Desse handlingsplanane skal utarbeidast av AU i samarbeid med kommunane i nettverket.

Handlingsplanen skal ha tydelege mål som viser retning for arbeide i regionen. Den skal vise kva som er ståstad no og kva ein ser er nødvendige tiltak for å skape og styrke utvikling på ulike nivå. Det er viktig at dei strategiar og arbeidsmåtar ein nyttar avspeglar det ein vil oppnå. Det er også viktig at dei ulike tiltaka er godt forankra på den einskilde barnehage, skule og SFO. Derfor skal ein nytte metodar for kartlegging av behov i planlegging av kompetanseutvikling og med skapingsprosessar.

Handlingsplan skal reviderast årleg av nettverket.